



ANALYSE BUSTADBEHOV 2020

Vedlegg til kommuneplanens arealdel 2020 - 2030

Vedlegg 1

Datert

2.febr.2022

Innhald

ANALYSE AV BUSTADBEHOV I GLOPPEN.....	2
1 FOLKETALSUTVIKLING I INNEVERANDE PLANPERIODE	2
2 FOLKETALSFRAMSKRIVING 2022-2040	3
3 BUSTADTETTLEIK I TETTSTADANE VÅRE	4
3.1 Kommunesenteret Sandane	4
3.2 Tettstaden Reed	4
3.3 Tettstaden Byrkjelo	5
3.4 Bygdesenteret Straumsholmen.....	5
4 ENDRINGAR I BUFORM OG BUSTADTYPER.....	6
4.1 Tal bustader – etter type og plassering	6
4.2 Busette på landbrukseigedom	7
4.3 Kommunale bustader	8
4.4 Tal personar busett i bustader disponert til pleie og omsorgsformål	8
4.5 Tal privathushald og tal personar i privathushald.....	8
5 FAMILIETYPEN	9
6 BARNEHAGEBARN FORDELT PÅ GRUNNKRINS OG BARNEHAGE	10
7 SKULEBARN FORDELT PÅ GRUNNKRINS OG SKULE.....	11
8 PENDLING	12
9 BUSTADMARKNADEN I GLOPPEN	13
10 VEDTEKNE AREALSTRATEGIAR.....	13
11 BUSTADKAPASITET I ULIKE DELAR AV KOMMUNEN	14
11.1 Kommunesenteret Sandane	14
11.2 Sentrumsnære område til Sandane.....	14
11.3 Nordstranda	14
11.4 Bukta – Sørstranda – Hestenesøyra	15
11.5 Område Reed	15
11.6 Område Byrkjelo.....	15
11.7 Område Hyen	15
12 KONKLUSJON BUSTADBEHOV	16

I samband med 2. høyring er tabell 1, 2, 3, 7, 8, 9 og 10 og kap. 9 oppdatert med tal frå 2021! Tabell 2A og B er oppdatert og erstatta av tabell 2 – Folketalsframskriving ved 3. gongs behandling. Utover det er dokumentet identisk med det som vart lagt ut ved 1. høyring.



ANALYSE AV BUSTADBEHOV I GLOPPEN

I samband med varsel om oppstart av arbeidet med kommuneplanens arealdelen, har fylkesmannen peika på fleire viktige vurderingar som bør gjerast før nye bustadområde vert lagt inn i planen:

Når det gjeld utbyggingsstrategiar for bustader, peikar dei på at «*ny utbygging i størst mogleg grad bør lokalisert til eksisterande grender og tettstader, og vere med på å styrke eksisterande infrastruktur og sosialt miljø. Det vil òg vere viktig å leggje vekt på tilgang til gang- og sykkelveg og trygg skuleveg.* Vidare rår dei kommunen til å *gå igjennom aktualiteten til avsette bustadområde som ikkje er tekne i bruk, og vurdere om det kan vere aktuelt å tilbakeføre dei til LNF-føremål.*

Dei saknar også «*tydlege opplysningar om kva bustadreserve kommunen har, og kor mange nye bustader som vert bygd årleg, og at kommunen vurdere behovet for nye område utifrå eksisterande reserve*».

Formannskapet har gjennom heile planperioden hatt fokus på å legge til rette for folketalsvekst med særleg vekt på bustadutvikling. Her er det særskilt peika på mangelen på einestadtomter på Nordstranda og i Hyen. Dette er bakgrunnen for dette vedlegget til arealdelen.

1 FOLKETALSUTVIKLING I INNEVERANDE PLANPERIODE

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
0 – 15 år	1150	1146	1142	1115	1111	1153	1158	1140	1140	1131	1122	1086
16 – 18 år	269	261	249	274	259	248	226	235	255	243	254	276
19 – 34 år	957	979	960	965	989	986	1018	1044	1060	1045	1051	1054
35 – 66 år	2333	2340	2340	2331	2333	2335	2320	2278	2296	2276	2247	2261
67 – 74 år	368	375	402	408	442	457	493	522	536	555	582	595
75 år ++	619	604	586	583	560	572	569	564	587	586	598	613
Sum	5696	5705	5679	5676	5694	5751	5784	5783	5874	5836	5854	5885

Tabell 1: Folketalsutvikling i Gloppen i inneverande planperiode, fordelt på aldersgrupper 05/ 2020. Kjelde: SSB-Tabell 07459

Kunnskapsgrunnlaget «[Vestland – statistikk og utviklingstrekk](#)» viser at folketallet i Gloppen har auka med 103 (1,8 %) i løpet av dei 5 siste åra. Tabellen over viser at vi totalt sett har hatt ein jamn folketalsvekst sidan 2013, med unntak av frå 2018 til 2019, der folketallet gjekk ned med 38 personar. Vidare viser den at vi frå 2010 har hatt ein nedgang i aldersgruppa 0-15 år på 28-64 personar. Når det gjeld talet på unge i vidaregåande skule-alder (med heimeadresse i Gloppen), ligg vi i 2021 godt over eit årleg gjennomsnitt på 254 for perioden. I tillegg har vi 168 hybel-ungdommar (2019/2020) i denne aldersgruppa.

Dei siste 11 åra har vi hatt ein gledeleg vekst på 97 personar i aldersgruppa 19-34 år, men vi har samtidig hatt ein nedgang på 72 i aldersgruppa over. Blant dei eldste finn vi den største veksten i aldersgruppa 67-74 år, på 227 personar. I aldersgruppa 75 år og over var det nedgang i første del av 11-årsperioden, men talet er i ferd med å stige og er venta å auke kraftig i komande planperiode.



2 FOLKETALSFRAMSKRIVING 2022-2040

FOLKETAL (PR. 1.JAN)	N/R	2022	2025	2030	2035	2040	ENDRING 2022-2030	ENDRING 2022-2040
TOTALT ALLE ALDERSGRUPPER	N R	5789 5875	5750 5798	5714 5741	5684 5714	5640 5684	-75 -134	-149 -191
BARN OG UNGE 0 – 19 ÅR	N R	1400 1447	1325 1367	1256 1292	1214 1253	1181 1221	-144 -155	-219 -226
% AV BEFOLKNINGA	R	25 %	24 %	23 %	22 %	21 %		
VAKSNE 20 – 66 ÅR	N R	3148 3201	3130 3165	3023 3058	2947 2999	2869 2939	-125 -143	-279 -262
% AV BEFOLKNINGA	R	54 %	55 %	53 %	52 %	52 %		
ELDRE OVER 67 ÅR	N R	1241 1227	1295 1266	1435 1391	1523 1462	1590 1524	+194 +164	+349 +297
% AV BEFOLKNINGA	R	21 %	22 %	24 %	26 %	27 %		
ELDRE OVER 80 ÅR	N R	364 362	411 391	534 496	666 609	720 657	+170 +134	+356 +295
% AV BEFOLKNINGA	R	6 %	7 %	9 %	11 %	12 %		
ELDRE OVER 90 ÅR	N R	87 90	79 74	91 87	124 110	181 155	+4 -3	+94 +65
% AV BEFOLKNINGA	R	1,5 %	1,3 %	1,5 %	1,9 %	2,7 %		

Tabell 2 - Folketalsframskriving etter aldersgrupper 2022 Kjelde: SSB-tabell 12882 (Nasjonal f.sk.) og 13600 (Regional f.skr.)

SSB si regionale framskriving av folketal i tabell 2, viser at Gloppen i komande planperiode (2022 – 2034) vil ha ein nedgang i folketalet på 161 (basert på 2035-tal). Tala er klart meir negative enn tidlegare prognosar for same periode. Mest markert er nedgangen i tal barn (0 -19 år) og vaksne i yrkesaktiv alder. Her ser vi ein nedgang på henholdsvis 194 barn og unge, og 202 vaksne i yrkesaktiv alder. Prognosen viser vidare at det kun er i aldersgruppa 67+ at vi får ein markant vekst. Ser vi meir spesifikt på den eldre befolkninga viser tala at veksten først og fremst kjem i aldersgruppa 75 – 85 år i planperioden. Ser vi heilt fram til 2040 kjem veksten også i dei eldste aldersgrupper.


Det er viktig å merke seg at prognosen for folketalsframskrivinga for førre periode, 2002 – 2020, viser at reell befolkningsvekst låg godt over prognosen. Gloppen skulle i følgje den ha **5440** innbyggjarar i 2020 ved middels framskrivingsalternativ -MMM. Med det lågaste framskrivings-alternativet – LLML – skulle Gloppen ha 5194 innbyggjarar i 2020, og med det høgaste framskrivings-alternativet – HHMH – 5676 innbyggjarar i 2020. Reelt tal for 2020 er **5848** innbyggjarar etter 1. kvartal 2020.

Med utgangspunkt i prognosen frå 2002 og reell folketalsvekst i løpet av perioden 2002 – 2020, vil vi kunne forvente ei meir positiv folketalsutvikling enn den siste prognosen tilseier. Dette viser også Vestland fylkeskommune sin ferske statistikk. Her kjem Gloppen betre ut enn i SSB sine prognoser, men det er likevel vert å merke seg at den største veksten kjem i tal eldre. Dette må ha innverknad på korleis vi legg til rette for bustadutvikling i denne planperioden.



3 BUSTADTETTLEIK I TETTSTADANE VÅRE

3.1 Kommunesenteret Sandane



Figur 1: Bustadtettleik. Mørk farge flest bustader pr. 250x250m Kjelde: kart.ssb.no



Figur 2: Folketettleik. Mørk farge flest innbyggjarar pr. 250x250m Kjelde: kart.ssb.no

Statistikk-karta over viser bustad- og folketettleiken i Sandane-området i 2019. Folketettleikskartet viser at vi har ein liten del av befolkninga som bur i sentrumskjerna av Sandane. Dette med unntak av Nordstrandsvegen, frå sentrum ut mot Øyrane, der vi vet vi har ein større tettleik mellom anna pga. busetting av flyktningar. Elles ser vi ein større tettleik i grunnkrinsen Sandane Sør, som er den sentrumsnære krinsen vi nå har høgast folketal i alle aldersgrupper (unntatt 0 – 5 år og 80 år +). Deretter kjem utkanten av grunnkrinsen Sandane sentrum og store delar av området Kleivedammen. Her finn vi bustadfeltet Valborgkleiva, der hovudgruppa er barnefamiliar, omsorgssenteret og fleire bufellesskap for eldre.

3.2 Tettstaden Reed



Figur 3: Bustadtettleik. Mørk farge flest bustader pr. 250x250m Kjelde: kart.ssb.no




Figur 4: Folketettleik. Mørk farge flest innbyggjarar pr. 250x250m Kjelde: kart.ssb.no

Statistikk-karta over viser bustad- og folketettleiken i tettstaden Reed i 2019. Bustadtettleikskartet viser at det er flest bustader i Reed sentrum, i området ned mot Reedfjæra og i dei kommunale bustadfeltene Hovden og Hetlebakkane, og at også folketettleiken er størst i dei to bustadfeltene og i Reed sentrum som har fleire eldrebustadar (både private og kommunale). Her er det rom for meir foretting.



3.3 Tettstaden Byrkjelo




Figur 5: Bustadtettleik. Mørk farge flest bustader pr. 250x250m Kjelde: kart.ssb.no



Figur 6: Folketettleik. Mørk farge flest innbyggjarar pr. 250x250m Kjelde: kart.ssb.no

Statistikk-karta over viser bustad- og folketettleiken i tettstaden Byrkjelo i 2019. Bustadtettleikskartet viser at det er flest bustader i det kommunale bustadfeltet Byrkjelo aust, der vi også finn bufellesskapet Byrkjelotunet. Elles er det bra stor bustadtettleik i sentrum av Byrkjelo, opp langs FV60 og i bustadfeltet aust for Bjørnarheim. Folketettleikskartet viser at vi på Byrkjelo har størst tetttheit i bustadfeltet Byrkjelo aust. I område Byrkjelo er det rom for meir fortetting først og fremst opp langs FV60 og i område sør for bustadfeltet på Bjørnarheim.

3.4 Bygdesenteret Straumsholmen



Figur 7: Bustadtettleik. Mørk farge flest bustader pr. 250x250m Kjelde: kart.ssb.no



Figur 8: Folketettleik. Mørk farge flest innbyggjarar pr. 250x250m Kjelde: kart.ssb.no

Statistikk-karta over bygdesenteret Straumsholmen viser tydeleg manglande utnytting av eksisterande bustadmasse. Her er det i områdereguleringsplan for Straumsholmen lagt til rette for meir fortetting i tre mindre bustadområde, og konkrete planar for utbygging på ein av dei. Her må ein ha med seg at område har fleire hybelhus med arbeidadarar utan fast bopel (større folketettleik).



Ein rikare kvardag – midt i verda

4 ENDRINGAR I BUFORM OG BUSTADTYPER

Dei fleste innbyggjarane i Gloppen bur i einebustad. Dette utgjorde i 2019 81 % av innbyggjarar i private hushald. Samtidig viser utviklinga at det i løpet av dei siste åra er fleire som vel å busette seg i tomannsbustader, eller rekkehus, kjedehus og andre småhus (inkl. firemannsbustader) - til saman 15 %.

4.1 Tal bustader – etter type og plassering

I følgje tabellen under har vi totalt 3036 bustader i kommunen i 2020, mot 2634 bustadar i 2009. Dette er ein auke på 402 bustader i førre planperiode.

Tal bustadar (bebudde og ubebudde)	2009	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Endring 2009 - 2021	Endring 2016 - 2021
Einebustader	2065	2130	2144	2163	2172	2186	2201	2221	+156	+77
Tettbygde strøk	912	977	984	974	995	1007	1015	1032	+120	+48
Spretbygde strøk	1153	1153	1160	1189	1177	1179	1186	1189	+36	+29
Tomannsbustadar	222	245	259	274	282	291	294	298	+76	+39
Tettbygde strøk	92	107	119	134	143	158	158	157	+ 65	+38
Spretbygde strøk	130	138	140	140	139	133	136	141	+11	+1
Rekke-/kjedehus og andre småhus (m.a. firemanns- bustadar)	145	175	175	208	216	209	213	221	+76	+46
Tettbygde strøk	116	149	153	167	189	181	194	202	+86	+49
Spretbygde strøk	29	26	22	41	27	28	19	19	-10	-3
Bustadar i bustadblokk	24	24	24	25	49	61	61	65	+41	+41
Tettbygde strøk	24	24	24	25	49	61	61	61	+37	+37
Spretbygde strøk	0	0	0	0	0	0	0	4	+4	+4
Bustadar i andre bygningstypar (nærings- bygg/ garasjar o.l.)	134	228	230	222	203	221	224	237	+103	+7
Tettbygde strøk	121	212	214	204	165	184	188	201	+80	-13
Spretbygde strøk	13	16	16	18	38	37	36	36	+23	+20
Bustadar i bygning for bufellesskap	44	45	46	46	44	43	43	43	-1	-3
Tettbygde strøk	38	39	39	39	36	35	35	35	-3	-4
Spretbygde strøk	6	6	7	7	8	8	8	8	+2	+1

Tabell 3: Endringar i buform og bustadtype 2009-2020. Kjelde: SSB tabell 06830



Tabellen over viser at det i løpet av denne planperioden er blitt oppført **136** nye einebustadar, **72** nye tomannsbustadar og **68** nye rekkehusbustadar/firemannsbustadar.

I tillegg er det ein markant vekst i tal bustader i anna bygningstype (næringsbygg o.l.) på **90** bustader, og i blokk på **37** bustader. Dei sistnemnte har kome i løpet av dei tre siste åra.

Heile **76%** av dei nye einebustadane, og nær alle nye tomannsbustadar og firemannsbustadar, er oppført i tettbygde strøk. Tettbygde strøk er i kart.ssb.no definert som «*Hussamlingar der det er registrert busett minst 200 personar, og der avstanden mellom husa ikkje er meir enn 50 meter*».

I Gloppen er kommunesenteret Sandane og tettstadane Reed og Byrkjelo definert som tettstad. Også større bustadfelt som ligg nær på tettstadene er definert som tettstad. Straumsholmen vert difor i arealplansamanheng omtalt som bygdesentrum.

Det har vore ein vekst på **418** innbyggjarar som bur i tettbygde strøk, og ein nedgang på **244** i spreidd bygde strøk frå 2009 - 2019 (Kjelde SSB 05212). Veksten har såleis kome i tettbygde strøk.

4.2 Busette på landbrukseigedom

GLOPPEN	2009	2014	2015	2016	2017	2018	2019	ENDRING I PLANPERIODEN
Totalt tal landbrukseigedomar	613	601	596	595	595	596	596	-17
Tal landbrukseigedommar med bustadbygning	592	577	576	571	567	570	569	-23
Tal bebudde landbrukseigedommar	511	509	510	501	499	484	488	-23
Tal ubebudde landbrukseigedommar	81	68	66	70	68	86	81	0 (+13 i løpet av dei siste 6 åra)
Tal ubebudde landbrukseigedommar i %	13,7	11,8	11,5	12,3	12,0	15,1	14,2	+0,5 % (+2,4% i løpet av dei siste 6 åra)
Personar busett på landbrukseigedom	2090	2014	1920	1891	1845	1860	1759	-331 (-255 i løpet av dei siste 6 åra)
Personar busett på landbrukseigedom av alle busette i kommunen i %	36,8	35,4	33,4	32,7	31,9	31,7	30,1	-6,7%

Tabell 4: Landbrukseigedomar, med busetting bustadtilvekst fordelt på bustadtype. Kjelde: SSB tabell 06520

Tabellen over viser ei auke på **22** ubebudde landbrukseigedommar dei siste 10 åra, og ein nedgang på **331** personar busett på landbrukseigedom. Nedgangen i tal personar som bur på landbrukseigedom kan ha fleire forklaringar. Det kan skuldast avvikling av gardsbruk, utflytting av eldste generasjon, færre barn i kvar familie og fleire einslege bønder.

Fleire unge familiar ønskjer å kjøpe gardsbruk som ikkje er bebudde, men særst få av dei vert lagt ut for sal. Dette til tross for bu- og driveplikt, som visar seg vanskeleg å handheve. I dei tilfella der gardar vert lagt ut for sal, er det ofte stor interesse for å kjøpe dei. I Hyen har det vore fleire førespurnader om å få leige eller kjøpe gard av arbeidsinnvandrarar som ønskjer å busette seg fast.



4.3 Kommunale bustader

	2015	2019	Endring frå 2015 - 2019
Totalt tal kommunalt disponerte bustadar	196	201*	+5
Totalt tal kommunalt eigde bustadar	160	169	+9
Tal innleigde bustadar	33	26	-7
Tal utleigde bustadar	195	192	-3
Privateigde bustadar med kommunal disposisjonsrett	3	6	+3

Tabell 5: Kommunale bustader 2015-2019. Kjelde: SSB -tabell 12008 * Desse fordelar seg på 49 omsorgsbustader i bufellesskap eller med heildøgns pleie og omsorg, og 52 kommunale frittstående bustader (pr. sept. 2020).

Talet innleigde bustader er i 2020 redusert til 24. Dei fleste av desse er det Fjellstad stiftelse som eig. I tillegg har kommunen avtale med to større private aktørar som dei har hatt over tid.

4.4 Tal personar busett i bustader disponert til pleie og omsorgsformål

		Totalt tal personar i aldersgruppa	Prosent i kommunal bustad
Under 67 år	25	4674	0,5%
67-79 år	26	814	3%
80-89 år	31	171	18%
Over 90 år	36	88	41%

Tabell 6: Busette i bustader disponert til pleie og omsorgsformål, 2019. Kjelde: SSB-tabell 04469

I 2019 budde 118 innbyggjarar i bustader kommunen disponerer til pleie- og omsorgsformål. Tabellen over viser fordeling på aldersgrupper. Det er verd å merke seg at ein stor del av innbyggjarar mellom 80 og 90 år bur i private bustader, mange av dei fordi dei sjølv ønskjer det.

4.5 Tal privathushald og tal personar i privathushald

	2009	2014	2019	2020	2021	Endring 2009 -2021
Tal privathushald	2241	2297	2407	2428	2465	+224
Personar i privathushald	5631	5456	5637	5649	5704	+73
Personar pr. privathushald	2,51	2,38	2,34	2,33	2,31	-0,2
Åleinebuande i privathushald	781	816	867	877	892	+111
Personar i hushald med 1 barn (yngste 0-17 år)	861	757	686	703	750	-111
Personar i hushald med 2 barn (yngste 0-17 år)	990	967	1058	1062	1041	+51
Pers. i hushald med 3 eller fleire barn (yngste 0-17 år)	1051	959	938	916	920	-131
Personar i andre hushald med 2 personar	1075	1230	1402	1428	1464	+389
Personar i andre hushald med 3 personar eller fleire	873	727	686	663	637	-236

Tabell 7: Privathushald og tal personar i ulike typar privathushald. Kjelde: SSB 09747 og 06081



Tabell 7 visar ein auke på **224** private hushald frå 2009 til 2021, men talet på personar i privathushald i same periode berre har auka med **73** personar. Tal personar pr. hushald har gått ned. Oversikta over tal personar i ulike private hushaldstypar viser at åleinebuande og personar i småhushald (to personar) har auka og utgjorde heile 41 % av det totale tal innbyggjarar i privathushald i 2021.

5 FAMILIETYPEN

FAMILIETYPEN	2009	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Endring 2009-2021	Endring 2016-2021
Ein-personsfamiliar	873	967	1016	1019	1036	1004	1005	1018	+145	+2
Par utan barn	482	578	590	587	629	638	652	657	+175	+67
Par med små barn (yngste 0-5 år)	235	219	225	217	236	242	248	248	+13	+23
Par med store barn (yngste 6-17 år)	319	294	283	296	288	293	292	297	-22	+14
Mor/Far med små barn (yngste 0-5 år)	42	46	38	33	22	22			-24	-20
Mor/Far med store barn (yngste 6-17 år)	73	76	87	92	91	75	76	84	+11	-3
Par med vaksne barn (yngste over 18 år)	234	207	188	195	188	184	175	176	-58	-12
Mor/Far med vaksne barn (yngste over 18 år)	79	78	83	70	70	78	82	83	+4	0

Tabell 8: Familietyper i Gloppen, 2009-2019. Kjelde: SSB 06083

Det har vore størst auke i tal aleinebuande og par utan barn dei siste ti åra. I 2019 består 46 % av hushalda av aleinebuande og små hushald utan barn. Av familiar med barn, er det gruppa «*Par med små barn (yngste 0- 5 år)*» som har hatt vekst dei siste ti åra. Veksten har vore størst dei fem siste åra. Det er også nedgang i familiar med små barn som bur ilag med berre ein av foreldra, men det ser ut til at talet er i ferd med å vekse igjen i gruppa store barn og vaksne barn.

Desse tala bygg oppunder at vi må legge til rette for fleire mindre privathushald.



6 BARNEHAGEBARN FORDELT PÅ GRUNNKRINS OG BARNEHAGE

Område m/ grunnkrinsar	Barn 0-5 år etter busetting, 2020 (2021)	Barnehagar i området, 2020	Avdelingar i barnehagane	Barn 0-2 år	Barn 3-6 år	Barn totalt
Nordstranda	Totalt 56 (58)					89
Vereide	17 (18)	Nordstranda	2	14	22	36
Føleide	16 (16)	Bakkeligrenda	2	17	10	27
Hauge	15 (14)	Austrheim	2	9	17	26
Øyrane	8 (10)					
Sandane + sentrumsnære område.	Totalt 147 (141)	Mona	6	33	53	86
Sandane Nord	24 (22)					
Sandane sentrum	50 (44)					
Kleivedammen	35 (37)					
Sandane Sør	38 (38)					
Kandal - Bukta - Sørstranda	Totalt 90 (75)					62
Kandal	4 (4)	Nygård	2	10	17	27
Eide	3 (3)	Rygg	2	10	25	35
Mardal	49 (39)					
Rygg	9 (10)					
Sande	17 (13)					
Nesjane	8 (6)					
Breim	Totalt 65 (71)	Breim	5	27	34	61
Hettle	16 (18)					
Reed	3 (3)					
Raad/Bø	0 (0)					
Årdal	0 (0)					
Hole	8 (6)					
Byrkjelo	24 (26)					
Sandal	3 (3)					
Bergheim	11 (15)					
Hyen	Totalt 14 (18)	Hyen	1	4	5	9
Straume	4 (5)					
Gjengedal	3 (6)					
Røyrvik	7 (7)					

Tabell 9: Barnehagebarn fordelt på grunnkrins og barnehage. Kjelde: SSB 04362 og U.dir.- statistikk barnehage – sept.2020.

I planprosessen til Barnehage- og skulebruksplan 2017 – 2030 vart det peika på behovet for ein sentrums-/ sentrumsnær barnehage i område Sandane/Øyrane/Austrheim. Tabell 10 viser at mange barn i Gloppen går i barnehage i andre område enn i sitt nærmiljø. Dette kjem tydeleg fram i talet på barn i dei tre barnehagane på Nordstranda, og det låge talet på barn i barnehagane Mona, Nygård og Rygg, sett i forhold til tal busette barn i desse grunnkrinsane. I Breim viser barnetal på grunnkrins at heile 70 % av barn under 5 år bur i og omkring Byrkjelo. Dette medfører meir køyring og bidreg ikkje til reduksjon av klimautslepp. Dette må sjåast i samanheng med kvar foreldra har sin arbeidsplass.



7 SKULEBARN FORDELT PÅ GRUNNKRINS OG SKULE

Område med grunnkrinsar	Barn i alderen 6 -15 år 2021 (2011)	Ungdom i alderen 16 -19 år 2021 (2011)
Nordstranda (Nordstranda skule)	totalt 113 (99)	totalt 40 (40)
Vereide	30 (31)	16 (13)
Føleide	28 (12)	3 (8)
Hauge	19 (33)	13 (13)
Øyrane	36 (23)	8 (6)
Sandane + sentrumsnære område (Sandane skule)	totalt 262 (255)	totalt 137 (138)
Sandane Nord	55 (67)	34 (33)
Sandane sentrum	61 (53)	31 (41)
Kleivedammen	64 (37)	23 (15)
Sandane Sør	82 (98)	49 (49)
Kandal - Sørstranda (Sandane skule)	totalt 140 (145)	totalt 70 (62)
Kandal	7 (14)	3 (7)
Eide	7 (12)	3 (3)
Mardal	56 (43)	28 (11)
Rygg	26 (29)	17 (12)
Sande	28 (28)	15 (21)
Nesjane	16 (19)	4 (8)
Breim (Breim skule)	totalt 161 (208)	totalt 92 (78)
Hettle	40 (55)	29 (20)
Re	20 (23)	12 (7)
Råd/Bø	6 (10)	3 (0)
Årdal	9 (7)	3 (3)
Hole	18 (17)	7 (6)
Byrkjelo	45 (57)	21 (33)
Sandal	6 (15)	4 (6)
Bergheim	17 (24)	13 (3)
Hyen (Hyen kombinerte skule)	totalt 47 (64)	totalt 14 (29)
Straume	19 (19)	9 (7)
Gjengedal	15 (21)	8 (10)
Røyrvik	13 (24)	7 (12)

Tabell 10: Skulebarn fordelt på grunnkrins og skule. Kjelde: SSB 04362

Statistikken over viser at veksten på Nordstranda og Sørstranda i perioden 2011 – 2020 først og fremst har skjedd nær Sandane sentrum, med unntak av Føleide der talet på barn er dubla. Mardal krins er det området som har vakse mest i periode i begge alderskollonner. I Breim fordelar elevane seg nokså likt på område Reed og Byrkjelo, men begge område har hatt ein nedgang i barnetalet.

I barnehage- og skulebruksplan 2017 – 2030 vart det konkludert med at kommunen ønskjer å oppretthalde dagens skulestruktur med nødvendige utbyggingar og oppgraderingar. Det vart også konkludert med at skulekrinsane skal bestå som i dag. Sandane skule og Nordstranda skule har liten kapasitet i forhold til dagens elevtal, og ei auke i elevtalet vi føre til behov for ombygging. Det er behov for å legge inn utvidingsareal ved Nordstranda skule. Ved Breim skule og Hyen kombinerte skule er det tilstrekkeleg kapasitet til ei auke i elevtalet.



8 PENDLING

Pendling inn til Gloppen, 4. kvartal 2019 (2018)		Pendling ut frå Gloppen, 4. Kvartal 2019 (2018)	
Eid	117 (107)	Førde	119 (103)
Jølster	61 (62)	Eid	82 (85)
Stryn	56 (50)	Jølster	66 (62)
Førde	25 (30)	Stryn	37 (39)
Flora	22 (34)	Flora	30 (36)
Selje	9 (4)	Leikanger	16 (17)
Vågsøy	8 (7)	Vågsøy	15 (12)
Bremanger	7 (15)	Sogndal	14 (12)
Balestrand	5 (10)	Bremanger	6 (2)
Andre kommunar i fylket (< 5)	26 (32)	Andre kommunar i fylket (< 5)	22 (22)
Pendling frå andre kommunar i Sogn og Fjordane (totalt)	336 (351)	Pendling til andre kommunar i Sogn og Fjordane (Totalt)	407 (387)
Andre fylke Inkl.: Bergen – 21 (20) Oslo – 10 (10)	85 (71)	Andre fylke Inkl.: Bergen – 68 (68) Oslo – 42 (44) Ålesund – 9 (11) Sokkelen – 9 (9)	229 (243)
Total innpendling	421 (422)	Total utpendling	636 (630)

Tabell 11: Pendling inn til og ut av Gloppen, 2019, 4. kvartal. Kjelde: SSB tabell 03321

Tabell 10 viser at Gloppen hadde totalt 215 fleire utpendlarar enn innpendlarar i 2019. Dette kan tyde på at Gloppen er ein attraktiv bustadkommune, men også at vi har for få arbeidsplassar.

Når det gjeld utpendling var det i 2019 flest som pendla ut til arbeid innan sekundærnæringar (171), dernest til varehandel/hotell/restaurant/samferdsel og finans (165) og helse og sosial (124). 58 pendla til arbeid innan undervisning.

Innpendlarane har hovudsakleg arbeid innan sekundærnæringar (195) og varehandel/hotell/restaurant/samferdsel og finans (103). Dernest har vi 57 som pendlar inn til arbeid innan helse og sosial og 34 til undervisningsstillingar.



9 BUSTADMARKNADEN I GLOPPEN

Frå 2010 til 2020 (gjennom elleve år) er det omsett til saman **627** bustadeigedomar med bygning i fritt sal (*Kjelde SSB 06726*). Årleg gjennomsnitt dei første fem åra var på **45**, mens det dei siste 6 åra er omsett i gjennomsnitt **71** bustadeigedomar med bygning pr. år (dersom ein ser vekk frå 2016 der omsettinga var låg – kun 49). I 2010 var omsettinga på **29** mens den i 2020 var **79**. Dette tyder på ei større bustadsirkulasjon, og at fleire vel å flytte på seg når behova endrar seg. Med bakgrunn i befolkningssamansetting i åra som kjem, er det venteleg at fleire område i kommunen står overfor eit generasjonsskifte. Dette vil truleg frigjere fleire einebustadar i etablerte bustadområde. Tilrettelegging for fleire leilegheiter i kommunesenteret og dei andre tettstadane våre støtter opp om denne prosessen, samtidig som fleire eldre kan velje å bli buande i sitt nærmiljø.

Det føreligg ikkje tal på gjennomsnittleg kjøpesum pr. omsetting i SSB sin statistikk, men samla kjøpesum i 2010 utgjorde 31 515 000 kr. mot 173 321 000 kr. i 2019.

10 VEDTEKNE AREALSTRATEGIAR

Arealstrategiane i «*Bustadpolitisk handlingsplan 2017- 2025*» gir klare føringar for korleis vi ønskjer å møte framtidige bustadbehov.

- 1. Nye bustadfelt bør lokalisrast i nærleiken av barnehage og/eller skule for å legge til rette for at fleire barn og unge kan gå/sykle til barnehage/skule.*
- 2. Det skal tilstrebast at nye kommunale bustader og utbyggingsområde vert lokalisert slik at det samla transportbehovet vert avgrensa og bilbruken vert redusert.*
- 3. Behov for gang- og sykkelveggar skal vere ein del av vurderinga av ulike område, og vi skal arbeide for samanhengande gang- og sykkelveggar mellom bustadområde, barnehage, skule og arbeidsplassar.*
- 4. Ved etablering av nye bustadfelt, skal det leggjast til rette for eit godt kollektivtilbod.*
- 5. Ved etablering av nye kommunale bustadfelt, skal det leggjast til rette for ei variert utbygging, med både einebustadar og fortetting.*
- 6. Kommunen er positiv til at det blir etablert mindre bustadfelt også utanfor område som fyllar kriteria i dei føregåande punkta, men meiner slike prosjekt i hovudsak må drivast fram av private interesser.*
- 7. I område med liten etterspurnad kan frådelling av enkelttomter som dispensasjon frå kommuneplanen vere eit godt alternativ til bustadfelt.*

Desse strategiane legg til rette for ein meir variert bustadmasse og fortetting av bustadområde både i sentrum av Sandane, tettstadane Reed og Byrkjelo, og bygdesenteret i Hyen.

Det er vert å merke seg at fylkeskommunen ved varsel om oppstart av planarbeidet, var kritisk til dei to siste punkta i arealstrategien. Sogn og Fjordane fylkeskommune meinte at punkta er med på å undergrave kommunen sin arealstrategi, og til at dispensasjon frå kommuneplanen vert framstilt



som eit godt alternativ for nokre område. Det kan synast som det er skjedd ei endring i handtering av dispensasjonssaker etter fylkessamanslåinga til Vestland fylket.

11 BUSTADKAPASITET I ULIKE DELAR AV KOMMUNEN

Vedlegg 2 til arealdelen – «*Status nye bustadareal avsett i gjeldande arealdel og vedtekne reguleringsplanar i planperioda 2008 – 2020*» inneheld ei oversikt over kva kapasitet vi har i dag når det gjeld tomter og nye bustader i dei ulike områda av kommunen. Den viser samtidig korleis utviklinga har vore i førre arealplanperiode.

11.1 Kommunesenteret Sandane

I perioden 2008 – 2018 er det oppført 17 bueiningar i Sandane sentrum, derav 10 i næringsbygg, og fleire er under utbygging. På Grandane og i Sentrumsgården er det under oppføring 26 nye leilegheiter gjennom nybygg og transformasjon. Rundt halvparten av desse er selt. I område rundt Gloppen hotell er det nyleg regulert inntil 36 nye bueiningar.

11.2 Sentrumsnære område til Sandane

I sentrumsnære område er det i same periode oppført 117 bueiningar, hovudsakleg einebustader, tomanns- og firemannsbustader. Fleire bustadområde regulert til fortetta utbygging i område Sandane sentrum og Sandane sør, er tilnærma ferdig utbygd (Åsatunet, Åsly panorama, Ulvesbakken, Sersjantkvia og bak Best på Kleivedammen). Også i bustadfeltet på Høgenausen er det få tomter igjen. Det er først og fremst i Valborgkleiva vi i dag har ledig kapasitet når det gjeld nye einebustadtomter i felt. Her vart det i 2003 regulert 28 tomter fordelt på to felt, der det i dag er til saman 11 ledig opparbeida tomter. I 2019 vart det regulert 12 nye tomter i området Dammen som så langt ikkje er opparbeida. Dagens status når det gjeld dei sistnemnde bustadfelt (sept. 2022) er at Høgenausen har ei tomt igjen og at det nå er kun 3 ledige tomter i Valborgkleiva.

I områdereguleringsplanane Sentrum - Øyrane og Vonheim - Storebru er det lagt opp til fortetting langs og omkring tilkomstvegane inn til sentrum frå Nordstranda og Sørstranda. I *områdereguleringsplan for Sentrum – Øyrane* (2017) er det lagt til rette for 20 nye bueiningar – frittstående eller konsentrert, mens det i *områdereguleringsplan for Vonheim – Storebrua* (2013) er lagt til rette for 16 nye einebustadtomter og ca. 14 til konsentrert utbygging. Dei fleste einebustadtomtene er lokalisert til område Øygardskvia (2013) og Elvaneset som begge er detaljregulert. I ny reguleringsplan - *Fellesskapet Elvaneset* (2019) ligg det inne 4 einebustadtomter og 5 tomannsbustader (10 bueiningar). Her er allereie 11 bueiningar selt, 6 (8) av dei er ferdigstilt og resten er under oppføring.

Totalt er det ledig 14 tomter og 30 – 52 regulerte bueiningar i Sandane sentrum og sentrumsnært.

11.3 Nordstranda

Det har i løpet av perioden (2008 – 2018) blitt oppført 21 nye bustader på Nordstranda. Av desse er 11 oppført i regulerte bustadområde, mens dei resterande er oppført på frådelte tomter som dispensasjon frå kommuneplanen.

På Nordstranda er det få ledig tomter i Vereide bustadfelt, Apalset bustadfelt og på Andenes, totalt 6 tomter. I tillegg ligg det inne i gjeldande arealdel 8 tomter på Gloppestad med direkte tilkomst frå vegen Øvre Nordstranda.



11.4 Bukta – Sørstranda – Hestenesøyra

I område Bukta er det i perioden 2008 - 2018 oppført 14 einebustader, der fire ligg i regulert bustadfelt og tre i område avsett til spreidd busetting på øvre Mardal. Resten er frådelt ved dispensasjon.

I område Sørstranda er det oppført 14 nye einebustader og 6 konsentrerte bustader i perioden. Av desse er 6 einebustader og 3 tomannsbustader (6 bueiningar) oppført i regulerte bustadfelt, og resten på frådelt tomter med dispensasjon.

I krinsane Mardal, Rygg, Sande og Nesjane på sørsida av Gloppefjorden er det til saman 24 ledige regulerte tomter i felt. Desse fordelar seg på bustadfelte Fitje (1), Leitingshaugen (5), Lagunen – Ryggøyra (11), Sande (4) og Eikenes (3). I tillegg er det regulert 25 bueiningar konsentrert på det tidlegare skuleområdet på Søreide (ved transformasjon). Så langt er berre 5 av dei oppført.

I gjeldande arealdel ligg det inne eit område for spreidd busetting på Øvre Mardal og eit på øvre Rygg. Dei førstnemnde vert vidareført kun som eksisterande busetting. Med unntak av Bukta som i løpet av førre planperiode har utvikla seg til å bli eit vekstområde, er det ikkje behov for fleire bustadfelt på Sørstranda og på Hestenesøyra i komande planperiode.

11.5 Område Reed

I perioden 2008 – 2018 er det oppført 16 bustader i området Reed, der 13 er oppført i regulerte bustadfelt. Fleire hus er under oppføring i Hetlebakkane. I Reed krins er det 19 ledige regulerte tomter fordelt på bustadfelte Hovden og Hetlebakkane. I tillegg er det 5 -15 tomter avsett i gjeldande kommuneplan sørvest for Hetlebakkane. Det er ikkje behov for fleire tomter i felt i løpet av komande planperiode, og det er ikkje kome inn konkrete forslag til område for spreidd busetting i område Reed. Det vert likevel lagt inn ei endring av formål for tomta sør for Reedtunet og E39 frå forretning til sentrumsformål. Dette opnar for nokre fleire bustader på sentrumsflata på Reed.

11.6 Område Byrkjelo

I perioden 2008 – 2018 er det oppført 23 bustader i området, der 16 er oppført i regulerte bustadfelt. Desse fordelar seg på Byrkjelo aust (12) og Bjørnarheimsura (4). I Byrkjelo krins er det 29 ledige regulerte tomter fordelt på Byrkjelo aust (4), Utviding av Byrkjelo aust (20) og Bjørnarheimsura (5). I tillegg ligg det inne 16 – 26 bueiningar i gjeldande kommuneplan.

Her er det først og fremst behov for å opparbeide og realisere bustadfeltareal som alt ligg inne i gjeldande kommuneplan. Endeleg plassering av E39 vil påverke kva for område det vert mogleg å realisere, men også kva for bustadområde som vert opplevd som mest attraktivt.

11.7 Område Hyen

I perioden 2008 – 2018 er det berre oppført 5 nye bustader i heile område Hyen. Ønskje om fleire einebustadtomter nært bygdesenteret er først og fremst knytt til utviding av verksemda Brødrene Aa, der fleire arbeidsinnvandrarar ønskjer å busette seg med familie. I Hyen krins er det 7 ledige regulerte einebustadtomter, to i byggefeltet på Straumsholmen og fem sørvest for Straumsholmen. I tillegg er det i områdereguleringsplan for Straumsholmen lagt inn 3 nye område for fortetta busetting i sentrum. Dette gjeld arealet nordaust for Straume bru langs elva, aust for den sørlegaste delen av bustadområdet på Straumsholmen og på Nestet. Det er konkrete planar opp oppføring av 6 (3X2) bueiningar vest for skulen.



12 KONKLUSJON BUSTADBEHOV

Oversikta over areal avsett i gjeldande arealplan, nye reguleringsplanar og restkapasitet, viser at vi har tilstrekkeleg kapasitet på einebustadtomter i tilknytning til dei fleste tettstadane og grendesentra i Gloppen, med unntak av Nordstranda og sentrum av Hyen. I følgje tal frå SSB bur ein stor prosent av innbyggjarane våre åleine eller i familiar med to personar (småhushald), og folketalsframskrivinga tilseier at veksten vert størst i tal eldre i løpet av planperioden.

Dette gjer det naudsynt at vi i planlegging av nye bustadområde, i større grad legg til rette for å auke talet mindre bustader og bustader med universell utforming, også i område der vi tradisjonelt har hatt berre einebustader. Vi må fokusere meir på å bygge rett enn på tal ledige bustader og tomter over alt. Vidare ser vi at det er behov for å fokusere meir på å skape gode og berekraftige nærmiljø med gode møteplassar, der vi i større grad kombinerer konsentrert utbygging med einebustader. Dette gjer det mogleg for fleire å bli buande i sitt nærmiljø gjennom ulike fasar av livet, men samtidig kunne byte bustad etter endra behov.

Veksten i tal eldre har lenge vore peika på som ei framtidig samfunnsutfordring, og vert av mange omtalt som ei eldrebølge. Gjennom dei siste åra er det sett sterkare fokus på veksten i tal eldre som ein unytta ressurs i det einskilde lokalsamfunn. Det er difor viktig å legge til rette for at eldre som ønskjer det kan bli buande og bidra inn i sitt lokalsamfunn, i lag med folk i ulike aldersgrupper og livsfasar. Dette krev ei utvikling av bumiljø med meir variasjon i bustadtypar og prisklasser. Unge som ønskjer å flytte i eigen bustad, men som ikkje har opparbeida seg nok økonomi til å bygge eigen bustad, er også ei viktig målgruppe. Aldersvennleg stadutvikling er eit gode for alle aldersgrupper.

Vedlegg 2 til planen viser kva vi har av arealressursar til bustadformål gjennom gjeldande arealdel og nyare vedtekne reguleringsplanar. Oversikta stadfester behovet for fleire sentrumsnære tomter og bustadområde på Nordstranda, både til einebustader og meir konsentrert busetting. Det vert difor lagt inn tre *område til bustadformål* i ny arealdel på Nordstranda, to mindre i tilknytning til eksisterande bustadområde (på Andenes og ytre Gloppestad) og eit nytt (ved skulen på Austrheim). I tillegg vert arealet langs Øvre Nordstranda på Gloppestad vidareført som *spreidd bustad i LNF*.

Utover vidareføring av avsette og regulerte areal til bustadformål, er det i ny arealdelen først å fremst lagt inn nye bustadområde for konsentrert utbygging eller i kombinasjon med einebustadtomter i og rundt tettstadane og bygdesentra våre. Når det gjeld område Hyen er behovet for fleire einebustadar forsøkt løyst med å legge til rette for noe spreidd busetting i LNF på Holme og mellom Rønnekleiv og Mjellem. Det er i tillegg vidareført to område for spreidd busetting i LNF, og der det ikkje er ønskjeleg å etablere bustadfelt. Dette gjeld øvre Rygg og i Sandal. Utover dette er det i 1. fase kome inn få konkrete innspel til gode område for spreidd busetting. Fleire forslag som kom inn på område, er ikkje teke med vidare hovudsakleg på grunn av ras- og flaumfare eller strandsonevern.

